SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Plan for rekruttering og kompetanseheving i Sogn og Fjordane 2016

www.sfj.no

INNHALD

INNHALD 1
BAKGRUNN FOR ARBEIDET 2
1. INNLEIING 3
2. LANDBRUKET I SOGN OG FJORDANE 3
3. REKRUTTERING OG KOMPETANSEHEVING I LANDBRUKET 5
4. ORGANISERING AV ARBEIDET 7
5. FORDELING AV MIDLAR 7

BAKGRUNN FOR ARBEIDET

Landbruks- og matdepartementet fordeler kvart år 20 millionar som skal gå til rekruttering og kompetanseutvikling i landbruket i fylka. Sogn og Fjordane har fått tildelt 1, 6 mill. kr. som skal fordelast på korte kurs og langsiktige prosjekt som skal auke rekruttering og kompetansehevande tiltak i landbruket.

Fylkeskommunen sitt engasjement innan nærings- og samfunnsutvikling i landbruket må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sitt næringspolitiske arbeid, utdanningspolitiske arbeid og eigarskapet til Innovasjon Norge. Departementet legg til grunn at fylkeskommunane er aktive deltakarar i arbeidet med dei regionale bygdeutviklingsprogramma, for å bidra til gode koplingar mellom landbruk og anna regionalt utviklingsarbeid og regionale planstrategiar.

I 2016 vil landbruk bli ein del av Verdiskapingsplanen, som er ein regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen si landbruksavdeling (FMLA) har ansvaret for oppfølging av satsinga på landbruk i Verdiskapingsplanen.

Med utgangspunkt i departementet sitt tilskotsbrev på landbruks- og matområdet har ei arbeidsgruppe utarbeidd ein plan for kompetanseheving og rekruttering i landbruket i Sogn og Fjordane for 2016. Næringsavdelinga i fylkeskommunen har hatt leiar- og sekretariatfunksjon for arbeidet.

Arbeidsgruppa har vore sett saman slik:

Ingeborg Lysne McEvoy, næringsavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune
Knut Grinde, opplæringsavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune
Randi Erdal, landbruksavdelinga Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Halvor L. Brosvik, Vestskog SA
Olav Nesse, Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag
Merete Støfring, Sogn og Fjordane bondelag

Politisk handsaming: Hovudutval for næring og kultur 15. mars 2016

Leikanger, februar 2016

Ingeborg Lysne McEvoy
Rådgjevar næringsavdelinga

1. INNLEIING

1.1. Overordna mål og retningslinjer for ordninga

I tilskotsbrevet frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) slår dei fast at det overordna målet for ordninga er å bidra til rekruttering og kompetanseheving for næringsutøvarar som kan ivareta og styrkje verdiskapinga i landbruket regionalt.

Prioriterte område for støtte bør vere:

- Tiltak som bidrar til å styrkje rekruttering i landbruks- og gartnarutdanninga og til høgare utdanning i landbruksfag
- Tilskot til kompetansehevande tiltak og støtte til etter- og vidareutdanningstilbod for næringsutøvarar i landbruk

1.2. Sentrale og regionale dokument

- Tilskotsbrev til fylkeskommunane på landbruks- og matområdet for 2016
- Jordbruksavtalen for 2015-2016, der ordninga vert omtala
- Meld.St.9 – Landbruks- og matpolitikken Velkommen til bords, der ein finn føringar og prioriteringar innan landbrukspolitikken dei komande åra og mål for rekruttering, kunnskap og innovasjon
- Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og tilhøyrande handlingsplan for 2016
- Landbruk i Verdiskapingsplanen 2016-2025, til politisk handsaming april 2016

2. LANDBRUKET I SOGN OG FJORDANE

2.1 Utviklingstrekk for landbruket og bygdenæringar i fylket

Sogn og Fjordane er eit småskala landbruksfylke med grovfôrbasert husdyrhald som bærande produksjonar. Landbruket betyr i gjennomsnitt meir for sysselsetjing og verdiskaping i Sogn og Fjordane enn i dei fleste andre fylke i landet. I forhold til resten av landet produserte vi i 2014 6,8 % av kumjølka, 14,7 % av geitemjølka, 5,7 % av storfekjøtet, 8,4 % av lammekjøtet.

Jordbruket i Sogn og Fjordane vert stadig meir effektivisert og automatisert, og følgjer utviklinga i resten av landet mot færre og større einingar. Sjølv om tal bruk har gått ned, har vi i hovudsak halde oppe produksjonen på mjølk og vi har auka på bær. Men fylket har utfordringar med å greie å halde på produksjonsmengda av kjøt, og om mogeleg auke denne. Tal dyr går ned, og det er dermed færre dyr som nyttiggjer seg dei gode beiteressursane i utmarka.

Fylket har 4,4 % av jordbruksarealet samanlikna med resten av landet. Jordbruksarealet i fylket har blitt redusert og fulldyrka jord har gått ned med 16 % i perioden 2004-2014. Vi ser også at ein del av arealet går ut av drift. Framleis er einskilde bruk og mjølkekvotar mindre enn landsgjennomsnittet.[1] Eit mjølkebruk i Sogn og Fjordane har 17 mjølkekyr, medan landsgjennomsnittet er 25. I gjennomsnitt er den einskilde jordbruksverksemda i vårt fylke mindre enn landsgjennomsnittet.

Bøndene i fylket fornyar seg, og i åra 2008-2015 gav Innovasjon Norge 407 løyvingar til oppgradering eller bygging av nye driftsbygningar. I 2014 vart dei bedriftsretta midlane brukt opp ved sommaren og fleire søknadar stod då på vent. Dette syner at det er stor vilje og ynskje til å investere og modernisere driftsbygningane i fylket. Det skjer mykje automatisering både i mjølke- og i sauefjøset, men også mykje innan hagebruket. Fram mot 2024 er det eit stor behov for omlegging frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, då 60 % av mjølka no vert produsert på båsfjøs.

Verdiskapinga innanfor jordbruket i Sogn og Fjordane er berekna til 885 mill. kroner i 2013. Dette er ein auke på 29. mill. kroner frå 2007. I tillegg kjem verdiskapinga i skogbruket på 133 mill. kroner, tilleggsnæringar på 133 mill. kroner og landbruksbasert næringsmiddelindustri på 596 mill. kroner. Totalt er dette rekna til over 1,7 mrd. kroner.

Innan jordbruket er det mjølkeproduksjon som utgjer hovudtyngda med 58 % og deretter kjem sauehald med 22 % og frukt og bær på tredjeplass med 8 %. Sysselsette i jordbruket (2013) er rekna til å vere 2811 årsverk, noko som er ein nedgang på 873 årsverk frå 2007.[2] Det å ha eit godt fagmiljø vert trekt fram frå fleire gardbrukarar som viktig motivasjon for halde fram med gardsdrifta. Færre sysselsette i jordbruket gjer at fagmiljøet vert meir sårbart.

Innanfor hagebruket har det vore ei positiv utvikling dei siste åra, særleg når vi snakkar om produksjon av bringebær, plommer og morellar. Vi produserer 68 % av total produksjon av bringebær i landet og 26 % av morellar, og fylket er den største produsenten i landet av desse. Men for at vi skal greie å halde på og auke produksjonen, er det stor trong for nye og yngre utøvarar i frukt- og bærnæringa.

Med aukande skogressursar i fylket, og potensiale for verdiskaping, går skogbruksnæringa spennande tider i møte. Det har vore gjennomført ei analyse i regi av Skognæringsforum Sogn og Fjordane, som syner potensiale for verdiskaping. Den offentlege partnarskapen sette i 2013 i gong prosjektet Tredrivar Sogn og Fjordane, eit prosjekt som skal medverke til auka verdiskaping knytt til bruk av lokalt trevirke.

Foto: Mo og Øyrane vidaregåande skule

Om lag 15 % av det produktive skogarealet i Sogn og Fjordane er planta skog. Planting av skog er eit viktig klimatiltak for å binde C02 og det er viktig å plante treslag som er effektive C02-bindarar og som er etterspurd i marknaden. Mange skogeigarar avverkar skog ein gang i livet og det er difor ekstra utfordrande å fange interessa deira for skogbruket. Det er viktig at skogeigaren har kompetanse på korleis stelle og drifte skogen med for eksempel ungskogpleie og tynning.

Bygdenæring vert innført som nytt omgrep i Meld. St. 9 om landbruks- og matpolitikken. Med bygdenæring siktar ein til alle former for næringar med utspring i landbruket, men som ikkje direkte er knytt opp til tradisjonell produksjon av mat. Det kan vere Inn på tunet, aktivitetstilbod knytt til reiselivet, entreprenørtenester, foredling av råvarer på eige bruk, kafedrift og mykje meir. For nokon er dette hovudinntektskjelda på garden, for andre er det eit tillegg til den tradisjonelle drifta.

Innovasjon Norge har dei siste åra merka mindre interesse for å utvikle bygdenæringar. Den største andelen av støtta har gått til utvikling av lokalmat. Det er også noko satsing på Inn på tunet, men hovudutfordringa for desse bedriftene er å få langsiktige avtalar med kjøpargruppa. Det er viktig å legge til rette for at næringsutvikling knytt til bygdenæringar kan skje, og også å sikre rekruttering til allereie oppstarta verksemder.

[1] Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga; http://fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Landbruk-ogmat/Jordbruk/Statistikk-innan-landbruk/

[2] NILF-Notat 2013-15, Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane

2.2. Mål for landbruket i Sogn og Fjordane

I Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016 er det fokusert på mulegheiter for landbruket i fylket. Det regionale BU-programmet peikar mellom anna på følgjande målsettingar i arbeidet framover:

- auke matproduksjonen med 1 % per år
- skape eit mangfald av arbeidsplassar i bygdene
- ta vare på det særmerkte kulturlandskapet
- oppfylle dei nasjonale måla innan miljø og klima
- legge til rette for å skape lønsame arbeidsplassar som også nye brukarar og unge vil satse på

For å oppnå måla i regionalt bygdeutviklingsprogram er det viktig at næringsutøvarane har høg og relevant fagkompetanse. Rekruttering, kompetanse og tilstrekkeleg med kapital vil vere viktige

stikkord for å kunne arbeide mot å nå desse måla. Slik sett kan bruken av midlane i denne planen vere ein del av verkemidlane på vegen mot målet.

3. REKRUTTERING OG KOMPETANSEHEVING I LANDBRUKET

Skal vi nå måla om å auke produksjonen i fylket, må det rekrutterast fleire inn i næringa og sikrast god og rett kompetanse i landbruket og i landbruksrelatert næring. I dette arbeidet må ein tilby etterspurd kompetanse, med fleksible løysingar slik at også vaksne kan delta. Her er naturbruksskulane sentrale utviklingsaktørar, saman med andre uformelle læringsarenaer som finst i sektoren. Så er det viktig med omdømebygging, å få fram at sjølv om bondeyrket er krevjande, gir det mange kvalitetar, tilbod og moglegheiter, og stor fleksibilitet og sjølvstende i kvardagen. I tillegg gir yrket nærleik til natur, noko som kan bli meir og meir verdsett framover.

Det er viktig å synleggjere at trerelatert industri og næringsmiddelindustri gir tilleggsnæring, karriereval og yrkesmulegheiter for mange.

Landbruksnæringa er i utvikling, og har difor kontinuerleg behov for kompetanseheving på område knytt til drift, forskrifter og produksjon. Landbruks- og matsektoren sitt samansette kompetansebehov må difor framhevast heilt frå rekruttering i ungdomsskulen til vidaregåande opplæring, fagskulenivå og høgare utdanning.

I eit rekrutteringsperspektiv er det viktig å

- synleggjere sektoren sine kompetansebehov og profilere karrieremulegheitene som finst
- styrke bøndene sine nettverk, gjennom t.d. å etablere mentorordningar
- imøtekomme behov for krysskompetanse, for på den måten gi bonden fleire mulegheiter til å utnytte garden som ressurs

Foto: Sogn Jord- og Hagebruksskule

3.1 Vidaregåande opplæring

Skuleåret 2015-2016 vart det ved Mo og Øyrane vidaregåande skule teke inn 25 elevar på Vg1, 40 elevar på Vg2 og 30 elevar på Vg3. Til saman vert dette 95 elevar, som er ein auke på fire elevar frå året før.
Sogn Jord- og Hagebruksskule har til samanlikning 27 elevar på Vg2 og 20 elevar på Vg3 (skulen har ikkje Vg1 tilbod), ein auke på 3 elevar frå året før.
Tabellen viser tal inntekne elevar på Mo og Øyrane vidaregåande skule (skulen heitte Mo og Jølster t.o.m. 2013) og Sogn Jord- og Hagebruksskule i perioden 2010–2015:

Skule	**2015**	**2014**	**2013**	**2012**	**2011**	**2010**
Mo og Øyrane (Mo og Jølster t.o.m. 2013)						
- vg1 naturbruk og naturbruk med hest	25	23	17	29	22	22
- vg2 landbruks- og gartnarnæring + hest og hovslagarfaget	22 (1)	18	23 (4)	27	26	26
- vg2 landbruks- og gartnarnæring for vaksne*	18 (1)	15 (2)	13 (2)	16 (3)	12 (1)	14 (3)
- vg3 naturbruk og naturforvaltning	18 (1)	22 (2)	7	15	20	16
- vg3 vaksne*	12 (2)	13 (2)	10 (2)	11 (2)	9 (3)	10 (2)
	95	**91**	**70**	**98**	**89**	**88**
Sogn jord- og hagebruksskule						
- vg2 landbruks- og gartnarnæring	27 (23)	23 (21)	20 (18)	11 (11)	20 (18)	26 (25)
- vg3 økologisk landbruk	20 (15)	21 (17)	14 (12)	13 (10)	17(15)	11 (9)
	47	**44**	**34**	**24**	**37**	**37**

Tala er henta frå www.vigo.no, nettstad for søking på vg opplæring. Tal i parentes er elevar frå utanfor fylket.

*Vaksne elevar ved Mo og Øyrane vgs (merka med *) er tekne direkte inn til skulen, og tala er difor ikkje henta frå Vigo. Tilboda for elevar vg2 vaksne og vg3 vaksne ved Mo og Øyrane vgs er finansierte med rekrutterings- og kompetansehevingsmidlar.*

Godt samarbeid og koordinering mellom ulike aktørar er viktig i dette arbeidet. Gode døme her er dei ulike utviklingsprosjekta «Vel skog», «Vel landbruk», «Framtid i landbruket» og «Ungdomscamp på Mo». Med grunnlag i låg rekruttering til naturbruk i 2013 gjorde fylkestinget vedtak; sak 26/13: «…det skal settast i verk eit utviklingsprosjekt for naturbruksutdanning i nært samarbeid med faglaga i landbruket». Mo og Øyrane vgs. starta opp eit 3-årig rekrutteringsprosjekt i 2014. Prosjektet har som mål å kunne koordinere og gjennomføre ulike rekrutteringstiltak for å få fleire til å søkje naturbruksutdanning. Ungdomscamp, skulebesøk, inspirasjonskurs for unge bønder, utdanningsval, hospitering, deltaking på landbruksdagar, torgdagar, utdanningsmesse m.m. er døme på ulike tiltak som er sett i verk. Prosjektet, som er finansiert av rekrutteringsmidlar, har ein prosjektleiar tilsett i 40 prosent stilling.

3.2 Livslang læring

Vaksne utan landbruksutdanning som tek over gard eller som kan tenkje seg å bli bonde, treng tilbod om etter- og vidareutdanning innan landbruksfaga. For at utdanninga kan kombinerast med jobb, må tilboda tilpassast og leggast til rette med nettbaserte løysingar. Fleire skular med naturbruk i landet tilbyr slik komprimert agronom- og/eller gartnarutdanning tilrettelagd for vaksne.

Agronomutdanning for vaksne er eit undervisningstilbod som gir kompetanse som agronom etter to år. Tilbodet dekker erfart behov, og inkluderer alle krav til sertifisering i næringa. Det er viktig at ein kan gi eit slikt tilbod i fylket.

Foto: Sogn Jord- og Hagebruksskule

Auka krav til effektivisering og betre inntening krev større driftskompetanse. Bonden må sjåast på som ein bedriftseigar, og garden som ei stadig større bedrift. Bedriftsøkonomisk tenking må difor sterkare inn som ledd i rekrutteringsarbeidet.

3.3. Mål og tiltak innan kompetanseheving og rekruttering

Mål:

- sikre naturbrukstilbodet i fylket gjennom aktivt rekrutteringsarbeid
- gje fleksible muligheiter for auka kompetanse hjå aktive yrkesutøvarar i næringa og vaksne som ynskjer å komme inn i næringa
- medverke til auka rekruttering innan tradisjonelt landbruk og bygdenæringar

Prioriterte tiltak:

I eit rekrutteringsperspektiv er det viktig å:

- sikre tilbod om agronomutdanning for vaksne i fylket (nettbasert og samlingar)
- medverke til auka rekruttering til naturbruk på vidaregåande nivå ved å gi auka kunnskap om landbruket og karrieremulegheiter innan landbruks- og matfag til rådgjevarar, lærarar, foreldre og elevar i grunnskulen, t.d. gjennom ungdomscamp for ungdom 14-16 år og næringsreiser for rådgjevarar i ungdomsskulen
- nettverksbyggande aktivitet og mentorordningar i landbruket
- fagkurs knytt til ulike produksjonar og produksjonsmetodar i samsvar med endringar i landbruket
- legge til rette for auka kunnskap om og synleggjering av bygdenæringar som ein mogleg måte å utvikle verksemda på
- tiltak som byggjer opp omdømet til landbruksnæringa

4. ORGANISERING AV ARBEIDET

Plan for rekruttering og grunnlaget for fordeling av midlane er utarbeidd av ei arbeidsgruppe der fylkeskommunen, næringa sine organisasjonar og fylkesmannen er med, jamfør oversikt i innleiinga.

Fylkeskommunen har ansvaret for handsaming av søknadar og vedtak, men organisasjonane og fylkesmannen har i drøftingsmøte høve til å komme med innspel etter at fylkeskommunen har laga ei innstilling.

Tidsplan:

1) Januar – evaluering av prosjekt for fjoråret, ferdigstille rapport til departementet og starte arbeid med ny plan
2) 1. februar – frist for innsending av rapport til departementet for fordeling av tilskot 2015
   Ferdigstille plan for 2016, sende ut til organisasjonane og FMLA for innspel før politisk handsaming
3) 15. mars - politisk handsaming av plan for 2016
   Utlysing av midlar i slutten av mars - felles utlysing for korte kurs og langsiktige prosjekt
4) 15. mai – søknadsfrist på midlar til rekruttering og kompetanseheving
5) 20. juni – gjennomgang av innkomne søknadar og framlegg av innstilling frå fylkeskommunen, organisasjonane og FMLA får komme med innspel
6) September/oktober – utlysing av eventuelle restmidlar til korte kurs og langsiktige prosjekt

5. FORDELING AV MIDLAR

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fordelt det statlege tilskotet knytt til tiltak innan rekruttering og kompetanseheving i landbruket som vist i tabellen under. Tabellen er retningsgjevande, men dersom søknadssummane krev det kan vi justere fordeling av sum slik at vi sikrar at gode prosjekt får tilskot.

Tiltak	Kroner
Agronomutdanning for vaksne (nettbasert og samlingar)	600 000
Kompetanseutvikling – korte kurs	400 000
Utviklingsprosjekt innan rekruttering og kompetanseheving	600 000
Sum til fordeling	1 600 000

5.1. Rapportering

Dei som får tildelt midlar til ulike tiltak skal rapportere til Sogn og Fjordane fylkeskommune straks etter fullføring. Dette dannar grunnlaget for fylkeskommunen si rapportering til Landbruks- og matdepartementet innan 1. februar 2017 og for vidare vurderingar av plan og prioriteringar.

Rapporten skal innehalde:

- Oppsummering av gjennomført kurs, tiltak og prosjekt, som viser tal deltakarar (på korte kurs) og ei kort evaluering i forhold til måloppnåing
- Fullstendig rekneskap for gjennomførte kurs, tiltak og prosjekt, sett i samanheng med budsjettet i søknaden

Det blir gitt nærmare vilkår i tilskotsbreva frå fylkeskommunen til det einskilde tiltaket/prosjektet.

SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framside: Sogn Jord- og hagebruksskule
Foto: Leif Magne Aarnes